

## Rettleiing for utfylling av skjemaet "Melding om installasjonsarbeid"

### Bakgrunn:

"Melding om installasjonsarbeid" nyttast til informasjonsutveksling mellom installasjonseigar/prosjekterende/elentreprenør og Nettselskap/DLE (Det lokale eltilsyn) ved installasjon av elektriske anlegg, med spenningsområde t.o.m. 400 V. Meldinga byggjer på administrative og tekniske krav gitt i Forskrift om elektriske lavspenningsanlegg (FEL), generelle tilknytnings- og nettleigevilkår og EnergiNorge sine Installasjonsregler EBL-publ. Nr. 101-2002. Dersom meldinga **kun** nyttast som melding til DLE, angir FEL § 14 minimumskrav til informasjon (**felte som må fyllast ut er markert med rastering**). Det er viktig at meldinga utfyllast så nøyaktig og komplett som mulig, då dette vil bidra til effektiv saksbehandling.

### Ord og uttrykk:

#### Stikkledning:

Luftledning eller kabel som fører frå e-verkets fordelingsnett til inntaket/tilknytningspunktet.

#### Elektrisk installasjon:

Samankopling av elektrisk utstyr for bestemt(e) formål innanfor eit gitt område eller stad/bygg. Ein installasjon kan bestå av fleire avmålte anlegg, eksempelvis blokk, butikksenter o.l.

#### Inntakspunkt:

Stad på bygning der luftlinje/jordkabel første gong berører bygningen som skal forsynast.

#### Anlegg:


Fast elektrisk system som normalt får elektrisk kraft levert over ein målar iht. ein avtale/eit abonnement med nettselskap.

#### Overbelastningsvern:

Vern som beskyttar inntaksledning mot overbelastning.

#### Hovedsikring:

Utstyr for fråkobling av eit anlegg.



Skissa viser eksempel på ein installasjon med eit overbelastningsvern og to anlegg, forsynt med jordkabel og kortslutningsvern i nettselskapets kabelselskap. (Overbelastningsvern og hovedsikring kan vere integrert i same vern).

## Krav om vedlegg til "Melding om installasjonsarbeid"

Vedlegg skal følgja ved innsendt melding om installasjonsarbeid i samsvar med tabell under:

Kart med situasjonsplan (M 1:500) skal følgje vedlagt ved	<ul style="list-style-type: none"> <li>Ny installasjon</li> <li>Midlertidig installasjon/Provisoriske anlegg</li> </ul>
Stigeledningsskjema* skal følgje vedlagt når	<ul style="list-style-type: none"> <li>Installasjonen har fleire anlegg (eigar av hovedtavle skal vere oppgitt)</li> </ul>
Oversikt over utstyr skal følgje vedlagt når	<ul style="list-style-type: none"> <li>Installasjonen inneheld utstyr som kan gi store spenningsvariasjonar og startstrømmer</li> </ul>

### \*Bruk av stigeledningsskjema ved fleire anlegg

Dersom installasjonen består av fleire anlegg, skal eige vedlagt stigeledningsskjema, som viser oversikt over anlegg under installasjonen nyttast for å gi opplysningar om det enkelte anlegg (eks. blokk med fleire leiligheter, butikksenter og liknande).

## Om dei enkelte felta:

### **Nettselskaps referanse:**

Fyllast ut av nettselskapet. Målnummer fyllast ut av elentreprenør dersom dette er kjent.

### **Melding til nettselskap/Det lokale eltilsyn:**

Angi aktuell(e) mottakar(e) av meldinga. Meldinga sendast til nettselskapet. Nettselskapet distribuerer til Det lokale eltilsyn.

### **Opplysninger om elentreprenør, nettselskap og eigar/bruker/bestiller:**

Meldinga skal innehalde eigars/byggherres namn og adresse, adresse for anlegget og namn på installatør. Eigars/byggherres/bestillers Organisasjonsnr./fødselsdato oppgis dersom dette er kjent.

### **Organisasjonsnummer:**

Elentreprenørens organisasjonsnummer oppgis.

### **Installasjon-/anleggsadresse/Gårdsnummer/bruksnummer/festenummer:**

Her oppgis installasjonens/anleggets gateadresse, postnummer og poststad, samt gårds- og bruksnummer eller festenummer.

### **Installasjonens-/anleggets bruksområde skal alltid oppgis:**

Alternativ: (RisikoGruppe 1): Skule, barnehage, Sykehus, aldersheim, helsesenter, Hotell, Restaurant, forsamlingslokale, bensinstasjon, lakkeringsanlegg, andre EX-område, campingplassar, verneverdige bygg, trebearbeidande industri, midlertidig anlegg, Fjøs/løe med husdyr (RG2): Andre driftsbygg, verkstad, idrettsanlegg, (RG3): Bustad, Gatelyst, andre næringsbygg, diverse (RG4): Hytter .

### **Ny installasjon:**

Gjeld når det må framførast ny stikkledning (ikkje ved forsterking av eksisterande).

### **Nytt anlegg:**

Gjeld når det skal opprettast nytt målaranlegg i bestående installasjon.

### **Midlertidig installasjon:**

Gjeld installasjon som skal fjernast/fråkoplast etter ei avgrensa tid (provisorisk anlegg inntil eit år).

### **Endring av overbelastningsvern eller hovedsikring:**

Gjeld dersom installasjonsarbeidet fører til endring av overbelastningsvern eller hovedsikring, for eksempel forsterking av inntak.

### **Arbeid i målepunkt:**

Gjeld dersom installasjonsarbeidet har konsekvensar for måling eller målarutrustning.

### **Bruksendring:**

Gjeld dersom anleggets forutsatte bruk endrast frå for eksempel bolig til kontor, sendast berre til DLE.

**Felter for stikkledning:**

Her oppgis om stikkledningen er lagt eller om ein ønskjer fremført ein ny.

**Energiforbruk pr. år:**

Her oppgis forslag til årleg energiforbruk dersom dette er kjent.

**Effektbehov:**

Forventa effektbehov skal alltid oppgis.

**Verdien for energibehov og effektbehov nyttast av nettselskap som utgangspunkt for planlegging og utbygging av fordelingsnettet og til fastsetjing av anleggsbidrag med meir i avtale med eigar.**

**Delt enterprise:**

Gjeld dersom installasjonsarbeidet skal forestås av fleire elektroentreprenører eller konsulent/elektroentreprenør.

**Antall anlegg:**

Her oppgis antall målaranlegg som installasjonen består av.

**Overbelastningsvern/hovedsikring er:**

Merkestrøm oppgis ved endring av bestående installasjon/anlegg.

**Overbelastningsvern/hovedsikring blir:**

Ønska merkestrøm oppgis ved nye installasjonar eller ved endring.

**Tilleggsopplysninger:**

Utfyllande opplysningar oppgis etter behov.

**Dato/ansvarleg underskrift for elentreprenør:**

Underskrivast av elentreprenør eller den han har bemyndiga.

**Kortslutningsdata:**

Standardverdiar  
Spesielle verdiar

**Ved kortslutningsstrømmer innanfor standardområde (Ik max 6 kA og Ik2/Ik1 min 1,0 kA) kryssast det av for standardverdiar. Det forutsetjast at nettselskapet definerer og gjer kjent dette for elektroentreprenørane gjennom rundskriv eller liknande. Spesielle verdiar oppgis når standardverdiar ikkje er relevante. Verdiane som oppgis er relatert til inntakspunkt dersom ikkje anna er oppgitt.**

**Informasjon om kortslutningsvern som er levert av netteigar:**

Her oppgis plassering, fabrikattype, merkestrøm og instilling. Det er viktig at det foretas ei koordinering mellom netteigar og elentreprenør for å oppnå nødvendig elsikkerhet.

**Stikkledning:**

Type og dimensjon for valgt stikkledning oppgis.

**Merknader:**

Her oppgis tilknytingspunktet, som normalt vert på eller ved husvegg/grunnmur. Eventuell annan informasjon frå nettselskapet.

**Forespørselen er innvilga/avslått:**

Dersom avslått, grunnjevast dette i merknadsfeltet/ev. i eige vedlegg.

**Dato/ansvarleg underskrift nettselskap:**

Underskrives av nettselskapets saksbehandlar.

**Målarnummer:**

Opggis ved arbeid på eksisterande målaranlegg eller dersom elektroentreprenør har sett opp målar på nytt anlegg.

**Målarplassering:**

Målarplassering skal vere i samsvar med gjeldande REN-blad for måling (4003). Evt. utfyllande kommentar i merknadsfeltet.

**Avtale med/tillatelse gitt av:**

Nettselskapets saksbehandlar oppgis.

**Anlegg koplast saman med målar nr:**

Her førast på målar nr på målar nr som står igjen på anlegget.

**Nettkundeopplysninger:**

Kundeopplysningar fyllast ut. Mobiltelefon-nummer og Fødselsdato/org.nr. oppgis dersom dette er kjent.


**Stikkledning tilkopling/fråkopling/ending til 3-fase:**

Gjeld for eksempel ved behov for fråkopling/tilkopling ved ending av eksisterande inntak.

**Det bekreftes at .....**

Underskrives av elentreprenør eller bemyndiget saksbehandlar.

## Normal plassering av overbelastningsvern, hovedsikringar og målarar iht krav i REN-blad for måling



### Tavlerom\*

Målarplasseringa skal i normalt vere samla i eit tavlerom som er tilgjengeleg for alle bebruarane eller eventuelt i sentralt plassert skap (felles bod/garasje) som er tilgjengeleg for alle bebruarane samt personell frå nettselskapet. Tilrettelegging for samla målarplassering er utbyggjars ansvar eller utbyggjars representants ansvar, og må inngå som ein føresetnad i planlegging av bygget.

## Informasjon om nettilknytning

### Generelle krav

Utføring av tilknytningspunktet og målepunktet, samt utrekning av anleggsbidrag og tilknytningskostnader vert gjort på grunnlag av nettverksemda sitt generelle regelverk, herunder:

- Standard avtale for nettleige og vilkår for tilknytning ([www.skl.as/produkter/straum](http://www.skl.as/produkter/straum) )
- Krav til utføring av målepunkt (<http://www.skl.as/produkter/straum> ) (REN-blad 4003 mm)
- Reglar for anleggsbidrag (<http://www.skl.as/produkter/straum> )
- Aktuelle lovar og forskrifter ([www.lovdatab.no](http://www.lovdatab.no) )

Det er eit krav til at nettselskapet skal opptre objektivt og ikkje-diskriminerande.

Utføring av tilknytningspunkt og målepunkt skal vere godkjent av nettselskapet gjennom prosess for "Melding om installasjonsarbeid".

### Fellesmålte anlegg

NVE innførte i 2010 nye reglar for fellesmåling, og nettselskapa pliktar no berre unntaksvis å tilby kundane fellesmåling, jf [www.nve.no/no/kraftmarked/nettleie/om-nettleie-/fellesmaling/](http://www.nve.no/no/kraftmarked/nettleie/om-nettleie-/fellesmaling/)

Det følgjer av [Forskrift 302 om økonomisk og teknisk rapportering, inntektsramme og tariffar](#) § 13- 1 at «Den enkelte boenhet eller fridsbolig skal måles og avregnes hver for seg.» Det følgjer vidare av § 14-3 at «Nettselskapene skal på forespørsel tilby måling og avregning per felles inntaksledning når måling og avregning etter § 13-1 bokstav h) gir urimelige merkostnader.» Døme på bueiningar som framleis kan kome inn under ordninga for fellesmåling er hybelhus, studentbustader og andre bygg av dynamisk karakter, med hyppig skiftande kundemasse. Næringsbygg kan framleis målast og avreknast per felles inntaksledning.

Det er nettselskapet som vurderer om måling per bueining eller fritidsbustad vil gi urimelege merikostnader i kvart enkelt tilfelle. Ved usemje mellom kunde og nettselskap kan avgjerda bringast inn til NVE, som fattar vedtak i saka.

Kundar som i dag er fellesmålte, men der det grunna endring i regelverk må installerast nye målarar kan forbli fellesmålte inntil det innførast avanserte måle- og styringssystemer (AMS) i det aktuelle nettområdet.

### Anleggsbidrag

Nettselskapa kan, i samsvar med Forskrift 302 om økonomisk og teknisk rapportering, inntektsrammer og tariffar § 17-5, fastsetje eit anleggsbidrag for å dekke anleggskostnadane ved nye nettilknytningar eller ved forsterking av eksisterande nett, jf

<http://www.nve.no/no/Kraftmarked/Nettleie/Innmating-av-kraft/Anleggsbidrag/>

SKL Nett sin praksis er publisert på heimesida, jf

<http://www.skl.as/produkter/straum/Sider/Anleggsbidrag.aspx>


SKL Nett dekker deler av investeringskostnaden for det aktuelle anlegget i form av eit botnfrådrag, som utgjer kr. 30.000,- per stikkeledning. Når utbyggjar/kunden ønskjer å avvike frå

tilknytingsvilkåra sine standardar, vert botnfrådraget utrekna som om standard metode vart nytta, dette for å ivareta kravet om objektive og ikkje-diskriminerade handsaming av kundane.

### Alternativ utforming av inntak og målepunkt (krev skriftleg avtale)

Alternativ plassering kan nyttast etter skriftleg avtale når sentral plassering er vurdert til å vera for omfattande og/eller kostbart, eller når utbyggjar ikkje har tilrettelagt iht krava. Målaren kan då plasserast inne hos kunden.

### Eigedomar med felles bustadkropp, men med separat ytterdør og fellesanlegg



Det følgjer av tilknytingsvilkåra (§4-1) at nettselskapet som regel berre fører ein stikkledning fram til kvar installasjon/bustadkropp. Nettselskapet avgjer plassering og korleis stikkledning skal førast fram (jf § 3-3).

Iht. REN-blad 4003 skal målarane for kvart enkelt anlegg normalt vera plassert i eit tavlerom eller skap sentralt plassert. Plassering skal vere lett tilgjengleg både for brukarane og for nettselskapet. Dette betyr at alle brukarane skal ha nøkkel som gir tilgang til bygget og det aktuelle rommet.

Når utbyggjar ikkje har lagt til rette for slik plassering, kan nettselskapet likevel under særskilde vilkår, inntil vidare akseptere ei løysing der nettselskapet set opp kabelskap med eigen stikkledning til kvar bustadeining. Vilkåra for dette er:

- Tilknytingspunktet vert normalt ved husvegg
- Det vert kun rekna eit botnfrådrag for kvar bustadkropp i høve til utrekning av anleggsbidrag
- Fellesanlegg skal ha eige abonnement og målepunkt
- Kostnader med oppsetjing av målepunkta inngår i grunnlag for utrekning av anleggsbidrag

### Einebustad med kjellarleilighet

Einebustad med utleigeeining/kjellarleilighet vert iht REN-blad 4003 å ansjå som bygg *med ein stikkledning og fleire anlegg*, og kan etablerast som i dømet over. Utleigeeiningar som er registrert i Matrikkelen/eigedomsregisteret skal vere målt og avrekna av nettselskapet.

Dersom eigar ønskjer å leggje til rette einebustad med midlertidig utleige av mindre utleigeeining (kjellarleilighet) kan bueininga etter særskild avtale med nettselskapet, inntil vidare forsynast via hovudtavla i hovudleiligheten. Særskilde vilkår for godkjenning:

- SKL fører berre fram ein stikkleidning til bustaden
- Tilknytingspunktet vert normalt ved husvegg
- Utleigeeining skal forsynast via allpolig brytar plassert i hovedleilighet
- Det vert kun rekna eit botnfrådrag for kvar bustadkropp i høve til utrekning av anleggsbidrag
- Kostnader med oppsetjing av målepunkta inngår i grunnlag for utrekning av anleggsbidrag

### **Næringsbygg**

Næringsbygg med fleire leigetakarar (kjøpesenter, kontorfelleskap mm) kan krevje måling og avrekning per felles inntaksleidning dersom leigetakarane ønskjer dette.

Når nettselskapet måler og administrerer kundemassen i eit næringsbygg skal målarane ha samla plassering i samsvar med REN-blad 4003 kap. 2-2 Bygg med ein stikkleidning og fleire anlegg. Utbyggjar har ansvar for å leggje til rette for samla målarplassering.